

Spørsmål til fylkesutvalet, 09.februar 2022

Frist for å sende inn spørsmål: Mandag 07.februar, kl 0900

Oversikt mottekne spørsmål

Nr.	Avsendar interpellasjon	Tema
1.	Trude Brosvik (Krf)	Fleksibel ferjetid
2.	Knut Inge Andersen (FP)	Auka straumkostnader for musea og andre kulturbygg i Vestland
3.	Trude Brosvik (Krf)	Desentraliserte arbeidsplassar
4.	Sigrid Brattabø Handegard (Sp)	Kortreist lokal mat

MOTTEKNE SPØRSMÅL

1. Trude Brosvik (Krf); om fleksibel ferjetid

For ein del av ferjesambanda våre er det svært lange omkøyningar, om nokon i det heile. Svært mykje av pasienttransporten skjer med drosje, enten det er til spesialisthelsetenesta eller til lækjarvakt. Ut frå oppslag med drosjesjåfør Bente Halsvik, Gulen, blir det tatt opp at det er uråd å få ei ferje til å vente eit par minutt for at pasienttransporten skal kunne nå ferja. Tidlegare har det gått an, og det er ikkje noko som tyder på at ordninga har vore misbrukt.

På den aktuelle strekninga, Sløvåg-Leirvåg, går det berre ferje ein gong i timen, så det er lang ventetid for dårlege pasientar. Transportør, her Fjord 1, viser til at kontraktane ikkje opnar for dette.

Det er Vestland fylke som inngår avtale med transportør, så spørsmålet blir då:

1. Har dette vore eit spørsmål som har vore teke om med Skyss frå ferjeselskapa?
2. Kva er evt grunne til at ein ikkje kan gå inn på ei slik ordning?
3. Er det likt for alle ferjestrekningar, uansett tal avgangar eller evt omkøyningar?
4. Er det mogeleg å få til ei meir fleksibel ordning, slik at vi kan kome betre i møte med lokale innbyggjarar sine behov, og meir i samsvar med det som vert opplevd som å gje ei god teneste til folk?

Svar frå fylkesdirektøren

Bakgrunnen for dagens rutetilbod i ferjekontraktane i tidlegare Hordaland ligg i konkurransegrunnlaget som vart utlyst og starta opp i perioden 2018-2020. Kontraktane er basert på følgjande vedtak i fylkesutvalet i Hordaland: PS 5/2015 og PS 5/2016. Som ein konsekvens av strenge miljøkrav, og høg grad av elektrifisering av drifta, vart det behov for tid til å lade ferjene mellom avgangane. I tillegg er det i desse kontraktane sett strenge krav til presise avgangar, som har som føremål å gje dei reisande føreseieleg avgangstider og sikre rettidig framkome for alle dei reisande.

Det omtala sambandet Sløvåg – Leirvåg er eit samband i rutepakke 1 og er drifta av Fjord1 (operatør). Sambandet er ikkje definert som eit beredskapssamband i kontrakten.

1. Det har vore dialog mellom operatør (Fjord1) og Skyss. Det har nyleg vore eit møte med Akuttmedisinsk kommunikasjonsentral (AMK Bergen), Fjord1 og Skyss med omsyn til både ambulansetransport og

reine pasientreiser. Det er også avtala eit oppfølgande møte mellom partane. Sambandet Sløvåg – Leirvåg var blant dei sambanda som vart diskutert mellom partane.

2. Kontraktane stiller strenge krav til presise avgangar. Dette av omsyn til at kundar og samfunnet kan stole på føreseielege avgangar i sambanda. Det er også behov for ferjene å få tilstrekkeleg ladetid for å kunne oppretthalde ein høgast mogleg grad av elektrifisering. Operatør pliktar å vente i inntil 10 minutt på korresponderande kollektivmiddel og andre ferjer. Oppdragsgjevar fastsett kva som er korresponderande kollektivmiddel. Det forventast ikkje at operatør skal «køyre inn igjen» forseinking oppstått som følgje av slik venting på påfølgande turar. Noko som på mange samband kan medføre at ferja får forseinka avgangstid også på dei påfølgande turane.
3. Alle ferjekontraktene som starta opp i perioden 2018-2020 i tidlegare Hordaland har likelydande vilkår uansett tal på avgangar eller omkøyningar.
4. Ei generell opning for å tilpasse ferjene til pasientreiser er vi redd vil kunne resultere i eit uføreseieleg tilbod for alle andre reisande. Administrasjonen vil difor ikkje tilrå ei slik ordning. Ambulansetransport må imidlertid ha prioritet. Elles viser vi til innleiinga over for bakgrunn for dei råmane som ligg til grunn for endringane og føresetnaden i kontraktane.

2. Knut Inge Andersen (FP); om auka straumkostnader for musea og andre kulturbygg i Vestland

Auka straumkostnader for musea og andre kulturbygg i Vestland

I budsjetthandsaminga for 2022 i Vestland fylkesting la Folksens Parti fram sitt eit eige fullstendige budsjettframlegg. Som einaste parti hadde vi der ein budsjettpost på 10 MNOK – som ny søkbar ordning, slik at kulturbygg og museum under VLFK kunne få moglegeheit til å få dekt inn ein del av dei auka straum/energikostnadene.

FP vil meine at utsikter til ein sterk auke i straumutgifter i 2022 var ei opplagt utvikling som alle var istand til å sjå på tidspunktet for budsjetthandsaminga. Vi appellerte difor til fylkestinget og styringskoalisjonen om å støtte i alle fall oppretting av denne eine budsjettposten. Dette vart diverre ikkje teke til følgje.

Fylket har på si side ekstraordinært høge meirinntekter på konsesjonskraft som følgje av prisauken på straum. Også det var kjent i midten av desember 2021. Sjå utklipp frå epost sendt frå Museum Vest. Dette fortel om ein akutt situasjon for museet, ein situasjon som gjeld fleire andre liknande institusjonar.

Spørsmål til fylkesordførar:

Kva gjer vi no?

Svar frå fylkesordføraren

Noreg har i vinter opplevd auka straumkostnader, særleg for dei som bur sør for Sognefjorden her i Vestland. Men, det er ikkje vi fylkespolitikarar som har forårsaka straumkrise, og heller ikkje vi som sit med dei rette verkøya for å løyse dei problema som følgjer med. Det er det statlege styremakter som gjer. Fylkesordføraren forventar difor at Regjering og Storting tek hovudansvaret for dei uheldige konsekvensane av den statlege energipolitikken og etablerer gode kompensasjonsordningar retta mot nasjonale kulturbygg, institusjonar og musea i det nasjonale museumsnettverket. Desse samfunnsinstitusjonane er viktige for oss. Dei gjev oss kunst og kultur og dei forvaltar den felles kulturarven vår.

Drifta av kulturinstitusjonane vert i stor grad finansiert med kommunale, regionale og nasjonale tilskot. Den 4. februar foreslo regjeringa å løyve 250 millionar kroner til frivillige lag og foreiningar som følgje av vinterens høge straumprisar. Kommunane skal fordele tilskottet til dei som har hatt høgare utgifter som følgje av dei ekstraordinære straumprisane.

Fylkesordfører vil sjå korleis regjeringa si støtteordning verkar, før eventuell fylkeskommunal straumstøtte vert vurdert.

3. Trude Brosvik (Krf); om desentraliserete arbeidsplassar

Pga korona og teknologi har deler av arbeidslivet blitt omstilt i rekordfart. Dette er noko me sannsynlegvis kjem til å sjå meir av post korona, og fleire arbeidstakarar vil antakelig undersøke muligheten for desentraliserte arbeidsplasser.

Sett i samanheng med merknaden i budsjettet vedtatt desember 2021 : «Fylkeskommunen skal vera ein god samarbeidspart og utviklingsaktør. Det betyr bl.a at ein del tenester skal vera desentrale. Ein skal vurdere om det er ytterlegare rom for å flytta fleire oppgåver og stillingar ut, dette for å vera tett på området ein skal tena», er det ynskjeleg at følgjande spørsmål blir svara ut:

1. Kva strategi har fylkeskommunen når det gjelder desentraliserte arbeidsplasser?
2. Kva gjer fylkeskommunen for å tiltrekke seg dyktige arbeidstakere som ynskjer å arbeide desentralisert?
3. Kva gjer fylkeskommunen for arbeidstakarar som allereie arbeidar desentralisert?

Svar frå fylkesdirektøren

Vestland fylkeskommune har tilsette i 37 av fylkets 43 kommunar, og tilbyr ei rekke tenester rundt i fylket. Ein har i dag ein modell med tre administrative hovudlokasjonar kor mykje av administrasjonen er samla i Bergen, Førde og Leikanger. I tillegg har vi ei rekkje prosjektkontor og nyttar kontorlokale i mellom anna Sandane, Florø, Nordfjordeid, Knarvik, Stord, Voss, Fitjar og Odda samt skular, tannklinikkar og diverse anleggskontor.

Saman med dei andre fylkeskommunane i landet har ein starta opp eit arbeid knytt til framtidens arbeidsformer. Her har ein sett på ei rekke ulike utfordringar knytt til emna fleksible og digitale arbeidsplassar, arbeidsmiljø, fjernleiing/hybridleiing, og rekruttering og kompetanse.

I Vestland fylkeskommune er det ein hovudregel at den einskilde arbeidstakar skal stille på avtalt arbeidsplass. Fylkesdirektøren meiner det er viktig å møtast fysisk for å byggje kultur og samhald, samtidig som uformelle møteplassar er bra både for arbeidsmiljø og fagleg utveksling.

Samstundes ser ein at fleksibilitet i større grad er etterspurt i arbeidsmarknaden, og ein ønskjer at Vestland fylkeskommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar. Difor har ein iverksett eit prøveprosjekt knytt til heimekontor der arbeidstakarar som har arbeid som let seg gjere heimanfrå, kan søkje om å inngå ei avtale om å jobbe frå eigen heim opptil to dagar i veka. Etter ei evaluering av denne ordninga kan ein sjå til erfaringane som er gjort når ein vurderer vegen vidare.

Representanten Trude Brosvik (Krf) viser til eit vedtatt verbalforslag om at ein skal vurdere om det er ytterlegare rom for å flytta fleire oppgåver og stillingar ut. Avdelingsdirektør for innovasjon og næring har fått ansvar for å følgje opp dette. Han ser for seg å fremma sak om dette til hovudutvala i april/mai, fylkesutvalet i mai og til fylkestinget i juni. Denne saka vil gå grundigare til verks i å svara ut nokon av spørsmåla frå representanten.

Regional balanse er eit viktig perspektiv i den pågåande organisasjonsgjennomgangen, og framlegg til ny organisering kjem i nær framtid.

4. Sigrid Brattabø Handegard (Sp); om kortreist lokal mat

Landbruket er viktig for matproduksjon, verdiskaping og landskap. Det er Vestland! Fylkeskommunen har vedteke at ein skal tilby lokal kortreist mat i våre kantiner. At ein også prioriterer produkt frå selskap som har solidaritetsansvar, henteplikt til lik pris i heile fylket, er viktig for lokalmatproduksjonen i Vestland.

1. Korleis er dette følgd opp i fylkeskommunen sine innkjøpsavtalar?
2. Dersom det ikkje er tilstrekkeleg ivareteke, korleis kan ein i større grad bruka innkjøpsmakta til å vektlegge desse forholda?

Svar frå fylkesdirektøren

Lowerket og innkjøpsavtalar

Det er i utgangspunktet ikkje lov etter anskaffingsregelverket å stille krav til lokalprodusert mat, eller at maten skal vere produsert i Noreg.¹ Etter vår vurdering er det da heller ikkje lov å evaluere på kortreist mat på avtalen. Forbodet er grunngjeve i det grunnleggjande prinsippet i lova om likehandsaming av leverandørar. Det er ulike måtar å møte dette på:

- Ein kan dele opp avtalane i produktgrupper, eller produkt per produkt
- Ein kan stille krav om økologisk produksjon, noko som kan gje eit større innslag av kortreist mat
- Ein kan stille krav om eit breitt sortiment frå leverandør, slik at ein på avtalen kan velje produkt som er av lokal karakter
- Dersom kjøp av lokalprodusert mat er lite av omfang, kan ein også gjere unnatak frå avtalen.

Aktuelle fylkeskommunale avtalar er kantineavtalar på administrasjonsstadane og skulane, samt matavtalane som kantiner i eigenregi på skulane nyttar. På bakgrunn av forbodet mot å stille krav om lokal eller norsk mat, er det ikkje stilt krav om dette. Unntaket er matavtalen for tidlegare Sogn og Fjordane, der det vart det sagt at «det skal vere mogleg å kjøpe lokalt produsert småskala produkt utanom avtalen», altså i tråd med strekpunkt fire over.

Bestilling av mat og oppfølging av leverandørar

Fylkeskommunen sitt handlingsrom er i hovudsak å følgje opp leverandørar og bestillarar for å handle inn meir lokalprodusert mat innanfor dei avtalane vi har. Mange bygg er miljøfyrtårnsertifisert. Bygg som blir sertifisert etter dei nyaste miljøfyrtårnkrava frå 2021, må mellom anna prioritere kortreist og/eller sesongbasert mat. Fylkeskommunen har også hatt ein avtale med Matvalget for å hjelpe med å auke forbruket av (norsk) økologisk mat i fylkeskommunen. Avtalen er nå ute på anbod.

Seksjon for Plan, klima og folkehelse i avdeling Strategisk utvikling og digitalisering har hatt eit prosjekt over fleire år for å bidra til at «kantinene ved dei vidaregåande skulane bidreg til eit berekraftig Vestland, regional verdiskaping og bruker eigen innkjøpsmakt og forbruksmønster som verktøy for å nå klima- og miljømål». Gjennom prosjektperioden har skulane og kantineilsette fått tilgang på ressursar og praktisk rettleiing til å vidareutvikle mattilbodet sitt. I dette arbeidet vert det jobba med både sunn mat, matsvinn, økologisk mat og kortreist mat i tråd med vedtak frå fylkestinget 15.12.2020.

¹ <https://anskaffelser.no/nn/hva-skal-du-kjope/mat-og-maltidstenester>